

# Variert orgel- og cembalomusikk

Rasmus Reed tekst

## Gand kirke.

Kirkekonsert med  
Yuzuru Hiranaka (orgel) og  
Anders Danman (cembalo)

**MANGFALDIG:** Ramma inn av spansk og portugisisk renessansemusikk av det aller mest energiske og virtuose slaget var det eit mangfaldig program som vart presentert på konserten i Gand kyrkje i går kveld. Den japanske organisten Yuzuru Hiranaka og den svenske cembalisten Anders Danman hadde i tillegg til den iberiske renessansemusikken for orgel både fransk barokk av Couperin og Rameau for cembalo og moderne japansk orgelmusikk av Toshi Ichiyangi på programmet. I det japanske verket vart klangmulighetene som fins i orgelet virkningsfullt demonstrerte, frå stille vindsus til tordenbrak. Det var både vakkert og uhyre dramatisk, skrive av ein komponist som tydeleg visste å utnytte orgelet med all den klangvariasjon som er muleg i eit godt utbygd instrument. Det avanserte stykket vart virtuost framført av Hiranaka. Anders Danman framsto også som komponist, med lånte tema riktig nok, han hadde brukt Beatles-melodiar som materiale i to suiter i gammal stil for cembalo.

Dei kjende melodiane var riktig elegant og fantasifullt sett inn i ei fransk barokk ramme, rikt utsmykka og dekorert, stilsikkert, men likevel litt småskeivt og rart. Det var dyktig gjort, tidstypisk for stilen, men med tydeleg innslag av Beatles og ein god slump Danman. Dei to spelar i dag på sommarkonserten i Domkyrkja, visstnok med eit litt forandra program. I Gand var det uvanleg glissent i benkeradene, og mange fleire bør nytte høvet i dag til å høyre to dyktige musikarar i eit spennande og uvanleg repertoar.